

BOKN

BYGDEBLAD

NR. 8

OKTOBER 1989

ARG. 4

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKN UTVIKLINGS- SELSKAP A/S

SKAL ARBEIDA FOR AUKE I BUSETJING OG
NÆRINGSETABLERING I KOMMUNEN

Bokn formannskap har ovafor kommunestyret rådd til at ein vedtek å ta del i stiftinga av eit selskap - Bokn Utviklingsselskap A/S - som skal ha som føremål å fremja auka busetjing og næringsetablering i Bokn.

Utviklingsselskapet skal ha som føremål å leggja tilrette for service- og næringsverksemd i Bokn, og driva marknadsføring og sal av bustad- og næringstomter både i eige regi, privat regi og for det offentlege.

Aksjekapitalen skal liggja på mellom 1-2 mill. kr.

Bokn kommune går inn med ein aksjekapital tilsvarande 1/3 av aksjene, max kr. 600.000,-.

Kommunen sin andel av aksjer vert overføring av desse eigedomane:

Halvparten av tomtearealet i bustadområdet ved Hålandssjøen, serviceområdet og industriområdet ved Knarholmen eksklusive fiskerihavna.

Utviklingsselskapet skal ha opsjon på kjøp av resterande deler av området.


Næringsliv og næringsdrivande i og utanom kommunen inviteres til å teikna seg som aksjonær i selskapet.

Utviklingsselskapet skal ha ansvar for tiltaksarbeidet i kommunen. Dagleg leiar i selskapet må fungera som næringskonsulent i kommunen.

Det er områda som kommunen eig i Alvestad/Knarholmen-området - bustadområdet, næringsområdet og industriområdet utanom fiskerihavna det er tenkt at Bokn Utviklingsselskap A/S skal marknadsføra og selja. Vidare meiner ein at utviklingsselskapet kan vera ansvarleg for sal og marknadsføring av andre bustad- og industriområde, både private og offentlege.

Bokn Utviklingsselskap A/S vil få overført oppgåver som Bokn kommune i dag har ansvar for. Dette gjeld i særleg grad tiltaksarbeidet i kommunen. Dei ressursene som i dag går til dette i kommunal regi, vil derfor bli kanalisert til selskapet gjennom eit årleg driftstilskot på kr. 100.000,-.

Sjå kart over området s.2



Lok

HÅNDESSIDEN

Småbåthavn

PARKERING

Servicenter
F/S

Næringsområde med
egen reguleringsplan

Fisker

AKSDAL OG VÅGA

AKSDAL

Aksdal kjem opphavleg av trenamnet ask. Nett i dette ordet er det vanleg at konsonantane byttar plass. I mellomalderen tala dei om Akسدalr, dalen der det vaks asketre. Andre døme på korleis namn kunne endrast ved at bokstavar bytta plass, er Havraland som blei til Harvaland i Sola og Furås som blei til Forus.

Aksdal blei elles titt omtala som Øygarden. Det heng saman med at han blei avfolka i samband med Svartedauden og prestene som fylgde. Det var heller ikkje underleg. Ved sida av Ognaland var han den minste garden på Austre Bokn. Når han ikkje låg øyde, var det alltid bare eit bruk her. Fyrst i siste helvta av 1500-talet fekk garden på ny busetnad. I mellomtida blei han bruka til slått og beite under Våga.

Aksdal er heller ikkje mellom dei eldste gardane i bygda. Truleg blei han fyrst skilt ut frå Våga ein gong i folkevandringstida for kring 1500-år sidan.

Sidan han var så liten, var han ikkje særleg ettertrakta av dei store godsherrane. Difor var her også det einaste som fanst av jordergods i bondeei. Halve garden høyrde såleis til bøndene på 16- og 1700-talet. Resten låg til presten i Skjold. Truleg blei det testamenterert til han mot forbøn for sjela til ein eller annan som streid med dauden der på garden ein gong i mellomalderen.

VÅGA

Ein større og eldre gard var Våga. Han har opphav i bronsealderen og omfatta truleg heile den søre helvta av Austre Bokn då. Det er mykje rimeleg at også namnet er så gammalt. Det kjem av Vågar som tyder "vågane". På den tida garden blei busett, sto havet to - tri meter høgare enn i dag. Det førde til at Vågahavn kunne ta litt større skip samstundes som det også danna seg ein våg der tjernet ligg i dag.

Sidan, kanskje i folkevandringstida, blei garden delt og me fekk Noravåga og Søravåga. Sidan den tida har venteleg det gamle tunet på Søravåga lege der det framleis ligg.

I mellomalderen trur me det budde fem bønder på Våga, tri i det søre tunet og to i det nordre. Etter Svartedauden og pestane overlevde bare ein familie i kvart tun.

Våga var ein storgard frå gammalt og ettertrakta ikkje minst på grunn av den framifrå hamna. Sidan havet gjekk ein meter høgare i vikingetida enn i dag, kunne også vikingeskipa ha heimhamn her. Etter kvart kom heile Våga i hendene til stormenn og høyrde til den høgadelege kongefaren Erling Skakke til fram mot midten av 1100-talet. Då la han begge gardane til Halsnøy kloster som han skipa på den tida. Sidan høyrde dei to gardane til klosteret heilt inn i nyare tid.

Det kan elles leggjast til at ein av dei aller eldste husmannsplassane låg under Våga. Det var plassen Rabben som alt var busett midt på 1600-talet. Namnet tyder ein langstrakt banke, bergrygg.

...det er vi som selger

BLINK En fulltreffer
OHUS FORSLAG TIL HJØKKEN-
TEGNING - BYGGE SAKSBEHANDLING...

FOR AVTALE PÅ BOKN
RING SOLVEIG GUNDERSEN
TLF. 748501

UTVIK

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF. (047) 43 111

RØDE KORS I GANG I BOKN

I Rogaland Røde Kors og Flekkefjord er det ialt 22 lokale foreninger i dag.

Den eldste foreningen er Flekkefjord Røde Kors som tradisjonelt i Røde Kors-sammenheng tilhører Rogaland, -den nyeste fram til i dag er Sola Røde Kors som startet opp for vel 1 år siden.

13.september ble Røde Kors-familien øket med nok en forening - nemlig Bokn Røde Kors. Det er valgt et interimstyre på 7 medlemmer som skal fungere fram til årsmøte i februar da nytt styre vil bli valgt. Foreningen er startet opp i nært samarbeid med Kopervik Røde Kors.

Distriktsstyret i Rogaland Røde Kors m/Flekkefjord by v/distriktsformannen Kåre J.Lunde fra Sandnes hilser den nye foreningen og de nye medarbeiderne i Bokn hjertelig velkommen til positivt og aktivt humanitært arbeid til beste for nærmiljøet i Bokn.

Det drives idag aktivt arbeid på mange plan innen Røde Kors i Rogaland. Både når det gjelder arbeid for barn og ungdom, - og for eldre - innenlands og utenlands.

Røde Kors i Bokn håper nå at innbyggerne i kommunen også vil støtte denne nye foreningen ved å delta aktivt i arbeidet eller ved å tegne seg som støttemedlem (kr.50 pr.år).

I andre halvdel av oktober arrangeres allmøte på Boknatun der Kopervik Røde Kors samt representanter fra distriktsstyret i Rogaland Røde Kors vil orientere nærmere om aktiviteter som drives i Røde Kors regi - hjelpekorps, besøkstjeneste, barnehjelpen og Ungdommens Røde Kors.

Kopervik Røde Kors vil så sette igang førstehjelpskurs og kurs for besøkstjenesten, nærmere kunngjøring om tid og sted vil komme. Vi vet det er stor interesse for å starte et hjelpekorps i Bokn og besøkstjenesten kommer nok også raskt igang.

Senere håper vi også å få startet opp en Ungdommens Røde Kors-avdeling, med aktiviteter for barn og unge fra ca. 6 år og oppover.

Som dere ser - mange og spennende oppgaver og aktiviteter venter. Hjertelig velkommen som medlem i Bokn Røde Kors.

Interimstyret i Bokn Røde Kors:

Audhild Våge, formann
John Magne Lie, nestformann
Anne Lise Trosnavåg, styremedlem
Arild Ognøy, styremedlem
Jon Andreas Akسدal, styremedlem
Ottar Håland, varamedlem
Målfrid Langhelle, varamedlem

IKKJE NYTT BOKN UNGDOMSLAG

VIL VENTA OG SJA TIDA AN.

Initiativtakarane som ville blesa nytt liv i Bokn Ungdomslag i haust, har hatt møte og drøfta ulike sider av dette spørsmålet. Konklusjonen er blitt at dei vil venta ennå ei tid for å sjå om det kan bli betre grunnlag og interesse for dette litt seinare. Det vil bli arrangert eit swingkurs i haust (som vart fullteikna før det var utlyst).

Etter det Bokn Bygdeblad forstår, er det privatpersonar og ikkje ein organisasjon som står bak dette kurset.

Dersom interessa for dans og andre ungdomslagsaktivitetar ser ut til å vera stor, seier initiativtakarane at dei vil vurdera å ta initiativ til å starta opp att Bokn Ungdomslag.

TV-aksjonen - 89

Søndag 15.oktober vil den årlege TV-aksjonen gå av stabelen. I Bokn

er det i år Bondelaget som vil


stå for den praktiske delen med sjølve innsamlinga.

Bokn har i alle år hatt svært gode resultat frå TV-innsamlinga, og den lokale komiteen håpar at folk i år sørgjer for at totalbeløpet frå Bokn blir minst like stort som tidlegare år.

Innsamlarane vil gå ut frå kl. 14.00 og utover.

Med helsing den lokale komiteen

Leif Vatnaland
Liv Trosnavåg
Reidar Alvestad



TV-AKSJONEN -89

Kvinner i den 3.verden

SØNDAG 15. OKTOBER

TAKK SOLVEIG!

I ei bøn lyder det: "Gud, lat meg leva kvar dag slik, at når kvelden kjem, så vil nokon takka for at eg var til".

Midt i sorga over Solveig Ognøy er me full av takksemd. Takk for at du var til, Solveig. Og eg veit at heile bygda sluttar seg til dette. Du stilte heile deg til rådvelde for oss alle - i arbeidet ditt som klokkar - som soknerådsformann - som medmenneske.

Du var der med det lune smilet ditt - med optimismen - med klokskapen - med evnene dine til å leia og samarbeida. Du var der med kjærleiken din. Du var så rikt utrusta, og du gjorde så mykje. Du kunne ha brest deg og sola deg og fått mykje ære for alt du gjorde.

Men du drog deg stille til side og gav heller Gud og andre menneske æra.

Ein vil så gjerne at eit slikt minneord skal verta fint. Men så finn ein at orda vert for fattige og tankane rekk ikkje opp. Då er det godt å ha bibelens ord. Rom. 12, 9.-12. seier mykje om korleis Solveig sitt liv var:

"Lat kjærleiken vera ekte, sky det vonde og hald dykk til det gode. Elska kvarandre inderleg som sysken, og set dei andre høgare enn dykk sjølve. Ver ikkje lunke i dykkar iver, ver brennande i Anden; ten Herren. Ver glade i vona; tommodige i trengsla, trottige i bøna".

Takk Solveig!

Takk Gud for det Solveig fekk vera for oss!

EIN UTFLYTTA BOKNAR

Ja, det er mange utflytta "boknarar" kringom i landet og andre land. Tenk på alle som drog til Amerika frå Kleng Person's tida og seinare. Eg har sett av "sjelemantal" frå 1800-talet at det kunne vera oml. 1200 menneskje i Bokn. Nå oml. 700. Tidene skifter.

Nå er det vel så at alle utflytta boknarar tenkjer ikkje likt, men mange ting vil vi ha felles. Det har eg merka meg når eg treffer sambygdingar der eg har ferdast.

Eg vaks opp på Are. Far heitte Mathias og mor Hanna (Bertha Johanna). Far døde då eg var 17 år. Same året fekk eg jobb på handelslaget, men 22 år gamal reiste eg til Varhaug på Jæren. Der blei eg varande berre oml. eit halvt år, så gjekk turen til Vatlandsvåg som ligg i gamle Jelsa, nå Sand kommune. Så gjekk turen til Visnes på Karmøy, så til Årdal i Ryfylke der eg var oml. 12 år. Frå Årdal bar det til Nærbø på Jæren og der har eg vore sidan (38 år).

Ja korleis føler vi det vi som flytta ut frå Bokn. Det var vel det eg skulle skriva litt om.

Eg har vore vitne til at folk som reiste til Amerika i ung alder og kom heim etter 50 år, dei leita etter bustaden der bestemor og bestefar budde. Huset var borte, men her var det. Dei grov fram grunnsteinar, grov mosen av dei, mens tårene kom fram på kinna. Minnet om mor og far, bestemor og bestefar, strøymar på. Her sprang eg som liten gut, som lita jente. Ein utflytta boknar har alltid minna med seg frå barndom og ungdom. For min del kan eg oppleva minne frå tidlege barneår. Plassane der vi leika. Korleis den og den steinen såg ut. Korleis far og mor såg ut. Kva dei gjorde og korleis dei gjorde det. Ofte har eg tenkt på ein vinterkveld i stova heime på Are. Far med eit garn som skulle bõtast, Jens med ei teine som skulle bind på, mor med rokken, ei av jentene med karane og vi mindre ongene med ymse leiker. Ofte var det ved som far hadde bore inn til tørk. Vi bygde hus. Vi laga gardar og hadde sauer og kyr. Det kunne vera sneglehus frå stranda og småstein frå bekken. Vi fekk ikkje møkje snop, men når far kom frå byen hadde han ofte ein pose med drops han hadde kjøpt eller fått av onkel Peder som var forretningsmann i Stavanger. Då var det stas. Eg trur ikkje ongene i dag er så glade om dei får ein sykkel som vi var for å få nokre bombomar som vi kalte det. Andre minne som kjem fram kan vera at eg fekk vera med mor kring i bygda og vitja slektningar og vener. Oftast var det Løbland og Grønnestad til Magreta og Marta-Karina. Alltid god mat. På Løbland hadde gutane ein liten trehest som gjekk på hjul og ein båt som gjekk med klokkemotor (urverk). Dei var så flinke til slikt Ole og Trygve. Gilde minne elles er frå torvmyra. Det var gilde dagar. Du så ofte minner om torvmyra kjem i tankane. Torvmaskinen som vi snudde med sveivar på begge sider, torvene som vi la til tørk på marka, om kaffikjelen vi koka ute, å, kor godt maten smaka. Potetkaker og gjerne ei pannekake og endå betre når vi fekk eit egg attåt.

Av andre gilde minne kan eg nemna dagen då vi reiste til Steinsholmen med sauene. Steinsholmen hadde vore husmannsplass og husmurane og hagemuren stod att. Ja, dei står endå og minner om husmannstida. Eg lika meg alltid så godt i holmen. Der var nokre gamle epletre som det vaks gode sommareple på då eg var ganske ung. Dei var gode, å, du og du. Så må eg nemna trøskinga (trøsjinga). Vi trøkste med vatn. Eit stort vasshjul drog trøskjemaskinen. Eg kan sjå far endå når han gjekk for å opna stemmeluka. Det måtte han gjera sjølv for å få passeleg med vatn. Det måtte ikkje brukast for møkje for det var liten stem (tjørn) rakk berre til ein time trøsking, men det gjekk fort unna.

Det er så mange minne som strøymar på og det gjer dei ofte, ikkje minst nå etter eg blei pensjonist og ikkje er så oppteken med arbeidet som før. Kjære minne har eg frå då eg var med far på dagsamling på Hognaland skulehus. Han heldt meg trufat i handa minnest eg. Det var ein del gamle karar med skjegg som samlast der. Eg kan nemna dei eg kjem på i farten: Anders og Helena Søndaland, Andreas Vatnaland, Syvert Oksebåsen, Ingebrigt Are, Berdines Økland

og nokre gamle kånar med svart plagg. Dei las frå Postillen, teksten på dagen. Det var dei gamle bokstavane og gamalt bokmål, nermast dansk. Dei stod der dei gamle og sa dig, mig, sig og jeg slik som det stod i boka.

Eg, gutongen, tykte tekstane var lange og reiste meg halvt opp kvar gong dei bladde over for å sjå om det snart var slutt. Likevel, sjøl om tekstane var lange og ikkje så godt lesne, er det gilde minne å ha. "Dei gav deg ein arv til å gøyma, han er større enn mange vil tru".

Så er den gilde boknakyrkja: Ja, den har noko eige ved seg som det knyter seg mange og gilde minne til. Eg var med mor og far i kyrkja frå eg var ganske liten gut. Eg sat på baksetet i kjerra, fjørkjerra som vi sa. Eg lytta til det mor og far snakka om på heimvegen. Det gjekk ofte om det presten hadde preika. Om han var flink eller ikkje flink. Om han preika rett eller ikkje rett, om den og den som var i kyrkja, om den eller den som ikkje var i kyrkja. Kva kunne grunnen vera til det? Då eg blei meir vaksen sat eg ofte på galleriet. Der sat forresten dei fleste ungdomane, men i kyrkja gjekk vi. Noko av det fyrste eg hugsa frå kyrkja var at eg tykte presten hadde så små hender. Eg var van med far sine store arbeidsnevar og meinte vel at alle vaksne folk skulle ha store nevar (hender).

Klokkeslaga frå boknakyrkja har ein eigen klang. Dei kjem ofte i tankane mine og eg kan liksom høyra dei. Kan henda det kjem av dei ringde for Borghild og meg då vi gifta oss i 1932. Nei, ikkje berre det, det kjem nok meir av barne-minne trur eg. Sist eg var heime i Bokn, gjekk eg tur på kyrkjegardane. Såg på dei mange gamle namn. Kjende namn som eg minnest så godt frå barne og ungdoms-år. "Her ligg dei grav i grav, frå hei og ned til hav som stridde so". Ja, ein tur på kyrkjegarden vekkjer mange minne.

Også gamle handelslaget kjem i tankane mine. Der eg sleit i 4-5 år. Lang arbeidsdag (16 timar). Men likevel kjære minne. Det var starten på arbeidslivet mitt.

Gode minne frå ungdomstida er sjølsagt heimelivet på Are. Men eg må nemna los-jen og alt det gilde vi hadde der. Ungdomsmøta, alle basarane høyrer også med til det som var gildt. Sjølsagt kan det dukka opp mindre gilde ting, men det gløymer vi idag.

Eg må visst nemna litt om fisketida. Vårsildfisket. Førebuinga med å bøta garn, binna på kuler, henta aurstein og hogga spor i dei for aurbandet. Finna fine eggforma steinar til ilar, bora hol og setja stropp i dei. Dette må nok ungdom i dag ha ei nærare forklåring på. (Du får spørja eldre fiskarar om det). Ikkje minst motorane kjem fram i tanken. Eg minnest godt tida då dei gjekk over frå seilbåt til motorbåt. Det var gildt for ungguten når det kom ein båt som hadde fått innstalert motor. Kanskje ein 5 eller 7-hestar. Store greier var det når ein hadde fått ein 9-hestar Rapp. Ja, endå meir når det blei 12-hestar. Då tenker eg på "Ognabåten" som vi sa. Eg kjem godt ihug at eg var så oppteken med båtane at det gjekk utover lekselesinga og mor gjekk til læraren og klaga seg. Svaret ho fekk, vil eg ikkje ta med her. Den perla vil eg ha for meg sjøl. Og så når fisket tok til. Når eg blei så stor at eg kunne, var det ut og henta sild som vi sa. Vi rodde ut til garnfiskarane og når det var møkje sild i garna, datt det alltid nokre av og flaut i sjøen. Dei henta vi opp med ein heimelaga hov. Det kunne bli ganske møkje av det. Seilarane, kjøparane, ville gjerne ha hentesilda for den var stor og fin. Dei ville ha henne på toppen av lasta si. Du kor gildt det var og når åra kom på, fekk vera med på sjølve fisket. Ugløymande ting.

Så får det vera nok i denne minnekransen for denne gongen. Det er noko som heiter "Spalteplass".

Beste helsing til alle boknarar.

Toralv Are



BOKN BYGG

HAR TRU PÅ EIT LIV OGSA ETTER
FASTLANDSSAMBANDET.

Bokn Bygg er etter kvart blitt eit solid firma. Dei har i mange år selt byggjeverar og sett opp mange små og store bygningar i kommunen.

Til dagleg har dei base i Hognaland skule sine lokale, og har der lager og utsal av byggjeverar.

Det er i dag 4 personar som driv firmaet, medan 6 personar har sitt daglege arbeid der.

Bokn Bygg leiger lokala sine av Bokn kommune som eig bygget. For noko over tre år sidan vart det gjort vedtak i kommunestyret om at Bokn Bygg skulle få kjøpa skulehuset for kr. 250.000,-, etter at kommunen hadde ordna med løyve for avløp, men dette er ennå ikkje avklart, slik at leigeforholdet held fram.

Bokn Bygg har hatt stabilt med oppdrag, sjøl under den svikten som har vore i byggebransjen dei siste åra. For tida har dei i alle fall oppdrag ut dette året. Det er Annbjørn Bokneberg i Bokn Bygg som fortel dette til bygdebladet.

Oppdraga som Bokn Bygg har hatt i det siste har vore driftsbygningar, bustadhus, garasjar, grunnmurar, redskapshus o.l.

Bokn Bygg har tru på at firmaet er liv laga også etter at Bokn er knytta til fastlandet. Firmaet meiner at dei kan konkurrera både i pris og kvalitet, og dei har nok av referansar å visa til i lokalmiljøet når det gjeld ferdigstilte bygg.

FISKE SKØYTA

"SJØLIV" R-42-B

Denne skøyta blei bygd på Eide ved Kopervik hjå Kristen Brekke. Magnus Are kjøpte den ny der i 1939. Den var 42 fot, og med 22 hk Rapp motor.

Bygdebladet har snakka med Henry og Alf, to av sønnene til Magnus. Dei hugsa faren gav kr. 7.000,- for "Sjøliv". Motoren var ein brukt han sette inn.

Den låg for det meste ved Hognalandssjøen. Drivstoffet blei bunkra i Kopervik eller Alvestadkroken. Det kosta ca. 20-30 øre literen.

Den blei først og fremst brukt til vårsildfisket og brislingfisket, men var også nokre turar på storsilda. Mannskapet var på 6 mann. Det var helst Magnus og sønnene som gjekk med den. Men hadde no som regel andre med og. Louis Slettebø var mykje med.

"Sjøliv" tok ca. 250 hl sild. Bygdebladet spør kva dei kunne tena eit år på dette fisket?

Ja, loten kunne variera frå kr. 800,- - 1.500,-. Men så fekk me som regel salta oss 1-2 tønner sild + 1 hl. tørrsild. Og det var ein god ting å koma heim med.

Når skøyta ikkje var på fiske, blei den brukt til å føra grus og sand. Den blei ført frå Jøsenfjorden til Bokn.


Alt som skulle til når Hognaland skule blei bygd i 1953 blei ført av "Sjøliv".

Den blei også brukt til "bytturar" som dei sa før. Då frakta me både folk og dyr, seier Henry. Dei kunne ha 70-80 smale i rommet, og 4 storfe på dekket. Og der kunne vera 20-30 passasjerar. Dei tok 1 kr. kvar vei for folka, og 30 øre pr. lam i frakt, hugsa han.

Bygdebladet spør kor mange livbelter dei hadde ombord?

Då riste han berre på hovudet. Ein gong blei veret så gale, at me måtte snu ved Sveinane og gå tilbake til Stavanger og venta til neste dag. Trur ingen av kvinnfolka hadde noko i mot det. Me hadde som regel mykje varer på heimturen og serleg "små gris".

I ca. 20 år hadde far denne skøyta, og då blei den seld til Bergen.



BIBLIOTEKET

OPNINGSTIDER:


TIRSDAG: 10-13

TORS DAG: 16-19



LESETIPS FOR OKTOBER

- *Wouk, Herman:
Krigens vinder
- *Pagnol, Marcel
Kilden i Provence
- *Heyerdahl, Thor:
Påskeøya, en gåte blir løst
- *Bye, Erik:
..å skyte en teddybjørn



BARNETIME

Torsdag 19. oktober kl. 17.00
ynskjer biblioteket barn
frå 3 - 6 år velkomne til
barnetime.

BARN OG UNGDOM

- *Lindgren, Astrid:
Lotta fra Bråkmakergata
- *Mörner, Cecilia:
En hodeløs historie og
andre grøss.
- *Hoffman, Alice:
Lysnatt.
- *Dam-Nielsen, Borgny:
Klosterøyas gåte.

BØKER ER SOLSKINN FOR ET NATTMØRKT
HODE!



KUNNGJERING

BARNE OG UNGDOMSPLAN FOR BOKN KOMMUNE

I samsvar med § 16 i plan- og bygningslova kunngjer ein at arbeidet med barne- og ungdomsplan for Bokn kommune er sett igong.

Interesserte kan koma med innspel til planen.

Ein vender seg til Bokn kommune, 4290 Føresvik, skriftleg, ved personleg frammøte på Boknatun eller i tlf. 748500. Kontakt då fritidsleiaren i kontortida, mandag 7.30-15.00, ons. 7.30-10.30 eller torsdag 9.45-14.30.

Rådmannen.

Tradisjonen tru vert det også i år ein skikkelig auksjon i gymnastikk-
Salen på Bokn skule, lørdag 28. oktober, frå kl. 12.00 - 17.00.

For å kunna stella i stand ein auksjon som gjer sårt tiltrengd klingande mynt til korpskassen, er me heilt avhengige av alle dykk som finn fram ting me kan auksjonera bort.

Me håpar også i år på same velviljen som tidlegare, nemleg at me får inn ei mengd auksjonsgjenstandar.

For å halda tradisjonen i hevd har me også dette året fått Leif Vatnaland til auksjonarius, slik at me er garanterte at stemninga i lokalet vert den aller beste.

Ein kan levera inn ting til auksjonen på fredag 27. oktober mellom kl. 17.00 - 19.00 (i gym.salen). Dersom ein har større ting som ein vil gje til auksjonen, men treng transport, kan De ringa til Sigmund Alvestad, tlf.: 748424.

Med beste helsing

STYRET I SKULEKORPSET

SPARING MED SKATTEFRADRAK

SMS FOR UNGDOM

Større sparebeløp og høyere fradragssats for ungdom til og med 33 år.

DEN MEST LØNNSOMME SPAREFORMEN



NORSK VISE TRIO TIL BOKN

I oktober kommer Norsk Vise Trio til Rogaland. En rekke kommuner skal besøkes, i regi av de lokale kulturkontorer og kulturetaten i Rogaland fylkeskommune. Trioen vil holde konserter i barnehager, skoler, pensjonistforeninger, eldre-sentra, alders- og sykehjem, andre institusjoner, og åpne kveldskonserter. I alt holdes ca. 40 konserter i 12 kommuner.

Torsdag den 12. oktober kommer trioen til Bokn med åpen kveldskonsert i Boknatun kl. 19.00 (Allrommet). Det vil ellers bli konsert i barnehagen og på skulen på dagtid.

Norsk Vise Trio har siden starten i 1983 turnert i Skandinavia, USA, Middelhavslandene, Midt-Østen og Tyrkia. I USA avsluttet de nylig sin 5. tomåneders turnè. Trioen er sannsynligvis landets mest turnerende akustiske gruppe, med mer enn 170 reisedager årlig.

Kan de unngå å nytte teknisk utstyr, føler de at formidlingen blir riktigere og friere. Tre LP-plater og kassetter har Norsk Vise Trio gitt ut, med internasjonalt repertoar for voksne, samt egne tekster og melodier. De har deltatt i en rekke radio- og fjernsynsprogrammer i Skandinavia og USA. I Norge, Spania og USA har de også hatt flere egne programmer i radio.

ÅPNE KONSERTER

På de åpne kveldskonserterne står Bellman, Taube, Theodorakis, norske folketonen, Prøysen, Cat Stevens, John Denver og gruppens egne produkter på programmet. Trioen spiller gitarer og bouzouki, tidvis også piano. En humørfyllt og informativ presentasjon av det internasjonale programmet er deres varemerke. Konsertopplegget på Rogaland-tur-nèen er forøvrig lik den Norsk Vise Trio legger opp til i utlandet.

Norsk Vise Trio

Åpen konsert i allrommet, Boknatun
torsdag 12. oktober kl. 19.00.

Kaffi i pausen.

Inng.pengar: kr. 25,-.

ALLE VELKOMNE!

Arr.: Bokn kulturstyre støtta
av fylkeskulturstyret.



NYTT FRÅ IDRETTSLAGET

Det er nå lagt ut turorienteringsposter i området nord for Trosnavåg/Gunnarstadvatnet. Ta en tur når du vil, sammen med familie eller venner, frem til ut i november måned. Kart og postbeskrivelse fås

kjøpt på Handelslaget og hos Steinar Alvestad og koster kr. 20,-.

Volleyball for 3-8 klasse starter torsdag den 12. oktober.

3-5 klasse møter kl. 18.30 og 6-8 møter kl. 19.15.

ARRANGEMENT I OKTOBER

- Onsd. 4.okt.: Basar - Indre Sjømanns-
misjon. Andakt v/Haldis
Andersen. Stad: Kyrkjebygd
skule. Tid: kl. 19.30.
- Laur. 7.okt.: Dans.
Arr.: Bokn Brass.
Musikk: Western Rose.
- tirs. 10.okt.: Kino.
- tors. 12.okt.: Åpen konsert ved Norsk
Vise Trio, kl. 19.00 (All-
rommet, Boknatun).
- laur. 21.okt.: Diskotek på gamle skulen.
- laur. 28.okt.: Skulekorpset har auksjon.

SØNDAGSSKULEN

Det vert søndagsskule på "Gamle
skulen" desse datoane:
8.okt., 15.okt., 29.okt., 12.nov.,
26.nov. og 17. desember.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 9.
oktober.
Påmelding til sosialkontoret, tlf.
748500.

TIL SALS

Brukt, lite hybelkjøleskap til sals
kr. 250,-.
Kontakt Liv, tlf. 748401.

AOF Legg en plan
- ta et kurs!


Vi har fremdeles noen
ledige plasser på våre
hobbykurs som starter
etter høstferien:

Applikasjon/Lappeteknikk
Start: Mand. 16. okt.
Sted: Bokn skole

Blomsterdekorasjoner:
Start: Onsd. 18. okt.
Sted: Bokn skole

Rosemaling:
Start: Mand. 9. okt.
Sted: Bokn skole

RING: 71 27 99

 AOF Haugaland
Strandgt. 71
6600 HAUGESUND

TIMEBESTILLING LEGE

Publikum kan som før bestilla
time hos lege tirsdag morgon
frå kl. 8.00, pluss dei fredagane
det er lege frå kl. 8.00.

I tillegg kan ein også ringa
sjukestova på mandagar frå
kl. 13.00 - 15.00 for time-
bestilling hos lege, både
for tirsdag og 2. og siste
fredag i mnd.

FYSIOTERAPI.

Fysioterapeut Geir Austvik vil
frå oktober og inntil videre
driva praksis i Boknatun
onsdagar og lørdagar.
Henvisning via lege.